

## HANDLINGSPLAN 2021

### Organisasjon og styring

Nettside og andre kommunikasjonskanaler skal holdes oppdatert. Sportsplanen skal vera styrande for aktiviteten i klubben. Alle i klubben skal kjenne til og bruke denne. Sportsleg utval skal ha ei tydeleg rolle som sportsfagleg arena. Å følge opp sportsplanen inn mot aktiviteten i klubben ligg innanfor sportsleg utval sitt mandat.

Alle aktive i fotballgruppa skal betale deltakaravgift og løyse medlemskap i IL Skarphedin.

Fortsette det gode samarbeidet med fagmiljøene ved Bø VGS og Universitet i Sørøst-Norge.

### Sportslege mål

Sikre kvalitet i treningsarbeidet i alle alderstrinn i klubben. Vi skal ha særlig fokus på barnefotballen.

Sende våre foreldretrenarar på trenarkurs slik at alle treningsgrupper i barnefotballen har minimum ein trenar med minst delkurs 1 av NFF Grasrottrenaren.

Alle treningsgrupper/årskull i barnefotballen skal ha treningsutviklar som følger opp treningsarbeidet. Trenerutviklar for barnefotballen sitt arbeidsområde og metode skal defineres.

Vi skal ha fokus på treningskultur og spelarutvikling. I ungdomsfotballen skal vi ha spelarutviklar både for jenter og gutar.

### Anlegg

Lage ein drifts- og vedlikehaldsplan for Telemarkshallen, med oppgåver og ansvar.

Følge opp kommunens planer for å betre trafikksikkerheten ved Sandvin/Sandvoll.

Offisiell åpning av klubbhuset på Sandvoll.

### Økonomi

Fortsette arbeidet med å støtte oppunder Sommarland Cup.

Skarphedin Telenor FFO skal gå i balanse i 2021.

Fortsette å sende ut deltakaravgifta ila vårsesongen.

Vi skal ha god kostnadskontroll. Det skal ikkje settas i gang tiltak som ikkje har budsjettdekning.